



Valdis Laganovskis
Damsgårdsveien 228
5160 Laksevåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2192 - 22/62566

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
19.08.2022

Oppfølging av vedtak om pålegg om fjerning av båtvrak og vedtak om tvangsmulkt

Administrativt vedtak: Saknr: 893/22
Tiltak: Fjerning av båtvrak
Byggjestad: Gbnr: 485/5
Tiltakshavar: Valdis Laganovskis

Saksutgreiing

Vi viser til vårt vedtak datert 09.03.2022 med krav om fjerning båtvrak ved Kallnes, med frist for opprydding **30.03.2022**.

I vedtaket krov kommunen tilbakemelding når vraket var fjerna. Alver kommune har ikkje motteke noko tilbakemelding frå deg innan den fristen du vart gitt.

Du vart i vedtaket varsla om at kommunen kan fjerne båten for eigar si rekning og at kommunen kan skrive ut tvangsmulkt dersom båtvraket ikkje vart fjerna innan fristen som var sett i vedtaket. På grunnlag av dette fattar Alver kommune følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i Forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor kr. 15.000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- frå og med 01.01.2023 dersom båtvraket ikkje vert fjerna og kommunen har motteke dokumentasjon på dette innan 31.12.2022.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Dette båtvraket har lagt ved kai på Kallnes og er truleg gått ned. Båtvraket er strid med Forureiningslova § 28, første ledd, «Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmande eller være til skade eller ulempe for miljøet».

Det er forureinar sitt ansvar å sørkje for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande.

Etterlating og dumping av båten er i strid med forureiningslova § 28. Det kan oppstå lekkasje av olje og diesel frå vraket.

Kommunen er kjent med at du har eigarskap til denne båten. Du er dermed ansvarleg for å ha etterlatt den i ein slik tilstand at den sokk.

Føresegna i Forureiningslova § 28 seier at alle har ei plikt til å unngå forsøpling.

Den som har brote forsøplingsforbodet i Forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørge for opprydding, jf. lovas § 28 siste ledd, «Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding». Alver kommune har etter Forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Båtvraket skal leverast til godkjent deponi/gjenvinningsstasjon og kvittering på innlevert avfall skal sendast kommunen saman med biletdokumentasjon på at avfallet er fjerna.

Dersom kommunen innan 31.12.2022 ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletdokumentasjon frå deg med opplysningar om opprydding vil kommunen fakturere tvangsmulkt i form av ei eingongsmulkt stor kr. 15.000,- samt ei dagmulkt på kr. 200,- frå og med 01.01.2023 fram til kommunen mottok dokumentasjon på at vraket er fjerna.

Vi gjer merksam på vedtaket om at kommunen kan fjerne båten for eigars rekning framleis gjeld.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdslova § 7-2, bokstav d. Tvangsmulkta kan innkrevjast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jf. Forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Du må leggje ved bilete som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

Plikt til å unngå forureining følgjer av Forureiningslova § 7.

Plikt til å unngå forsøpling følgjer av Forureiningslova § 28.

Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av Forureiningslova § 37 1.ledd.

Ilegging av tvangsmulkt følgjer av Forureiningslova § 73.

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av Forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56 34 90 06 eller på e-post hogne.askeland@alver.kommune.no

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 første ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2192

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Valdis Laganovskis

Damsgårdsveie 5160
n 228

Laksevåg